



Loppemarknad i Aktivitetshuset, Uskedalen

Laurdag 27.februar

Arrangør: LIONS CLUB KVINNHERAD




VI TRENGER LOPPER

Innsamling Laurdag 20.02 v/gamleskulen
KI.10-12

No er det rette tida å rydda i skuffer og skap.

Det er etterkvart blitt ein godt innarbeidd tradisjon at Lions Club Kvinnherad arrangerer loppemarknad i Aktivitetshuset her i Uskedalen. Dette er eit flott tiltak som oppmodar til gjenbruk av fine, gode og nyttige ting samstundes som det gjev økonomisk støtte til gode prosjekt. For å få ein god loppemarknad er det viktig at vi leverer inn lopper.

Loppemarknaden vert i år laurdag 27.februar, og Lions annonserer no at dei har starta innsamlinga av lopper. Laurdag førstkommande har dei innsamling av lopper ved Gamleskulen mellom kl.10 og kl.12. Det er heilt sikkert mange som har mykje godt brukande i skuffer og skap som aldri vil verta brukt meir. No kan det koma til god nytte! Andre kan få mykje glede av det som vi ikkje brukar lenger.

Lions seier at dei ønskjer lopper av mange slag for å få ein best mogeleg loppemarknad den 27.02. Dei nemner mellom anna småmøblar, sportsutstyr, sykklar, bøker, mindre elektriske artiklar, koppar og kar og mykje meir. Ved å levera inn her, kan vi få ei skikkeleg opprydding på kjøpet.

Dei som har spørsmål til arrangørane, kan kontakta Ronny Lakselv eller Jan Erik Olson.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland